

**Fra:** Hilde Elisabeth Klepsvik  
**Sendt:** tirsdag 4. september 2018 16.52  
**Til:** Merethe Helland Nordnæs  
**Emne:** Re: Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Hei ☐

Eg er leiar i rådet for mennesker med nedsatt funksjonsevne i Austevoll.

Me har den siste tida fått fleire bekymringsmeldingar frå personar med nedsatt funksjonsevne pga dårlig bemanna ferjer til og frå Austevoll. Blinde kan ikkje lenger bli fulgt opp til salongen, dei som må sitja i bil under overfart (eldre/ psykisk sjuke/ rørslehemma etc) kan ikkje rekna med å få hjelp til evakuering då mannskapet har faste mønstringsplassar andre stader.

Alt i alt gjer dette til at mange grupper mennesker no ikkje kan ta ferja/ kvir seg til å reise med ferja pga at dei ikkje føler seg trygge. Dette gjer blant anna at fleire ikkje oppsøker nødvendig helsehjelp.

Ferjene er vår veg til fastlandet og me er særst avhengig av dei.

Ei personlig oppleving eg hadde, var at eg brukte 10 min på å få tak i mannskapet då eg ville betale for ein is. Strekkoden virka ikkje og eg måtte finna nåken. Ikkje ein plass såg eg kor eg kunne henvende meg, dei var ikkje på billettkontoret men eg fann ei ringeklokke langt vekk frå kiosken. Då kom mannskapet rett nok kjapt på plass men..... kva om det var nokon som trengte helsehjelp ???

Me håpar at fylkesrådet kan hjelpa oss i denne saka på ein eller annan måte.

Med vennleg helsing  
Hilde Elisabeth Klepsvik  
Leiar i Rådet Austevoll  
Sendt fra min iPhone

3. sep. 2018 kl. 14:20 skre Merethe Helland Nordnæs <[Merethe.Nordnaes@hfk.no](mailto:Merethe.Nordnaes@hfk.no)>: